



Arkiv: K2-L83, K3-&00
ArkivsakID: 22/662
JournalpostID: 22/3595
Sakshandsamar: Anne Kari Reigstad
Dato: 14.11.2022

Saksframlegg

Saknr. utval	Utval	Møtedato
079/22	FORMANNSKAP	24.11.2022
053/22	KOMMUNESTYRE	08.12.2022

Revidering av reglar for tildeling av tomt i kommunale bustadfelt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ferdig regulerte tomter og byggefelt skal annonserast på heimesida til Solund kommune, og på andre tenlege måter.
2. Tomter tildeles i den rekkefølgen melding om interesse kjem inn.
 - a. Ved fystegongs utlysning vert det ein periode på 3 veker der alle innkomne interessemeldingar vert vurdert som samstundes motteke.
 - b. Er det fleire som har meldt samstundes interesse for same tomt tildeles tomtane etter fylgjande kriterier:
 - i. Private husbyggjarar vi bli prioritert framfor byggefirma
 - ii. Om to eller fleire interessenter av same prioritet har meldt interesse skal det trekkjast lodd
3. Dei som får tildelt tomt får ein frist på 1 år frå tildeling til innlevering av fullstendig byggesøknad.
Byggearbeid på bustadhus skal vere påbyrja innan 2 år frå tildeling.
Dette vert tinglyst på skøytet.
 - a. Kommunedirektøren kan etter søknad forlenge denne fristen dersom det føreligg særlege grunnar.
4. Dersom vilkåra i punkt 3 ikkje vert etterkomne skal kommunen ha tinglyst rett til å kjøpe tomte attende til betalt tomtepris. Saker om tilbakekjøp skal handsamast av formannskapet.
5. Der det er sjøhus/nausttomter skal sal skje til bebuarar i bustadfeltet det tilhøyrrer. Tildeling av sjøhus/nausttomter skal skje etter same reglar som tildeling av bustadtomt.

24.11.2022 FORMANNSKAP

Handsaming:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

For: 5 stemmer (100%) - AP 1, H 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FOR-079/22 Vedtak i:

1. Ferdig regulerte tomter og byggefelt skal annonserast på heimesida til Solund kommune, og på andre tenlege måter.
2. Tomter tildeles i den rekkefølgen melding om interesse kjem inn.
 - a. Ved fystegongs utlysning vert det ein periode på 3 veker der alle innkomne interessemeldingar vert vurdert som samstundes motteke.
 - b. Er det fleire som har meldt samstundes interesse for same tomt tildeles tomtane etter fylgjande kriterier:
 - i. Private husbyggjarar vi bli prioritert framfor byggefirma
 - ii. Om to eller fleire interessenter av same prioritet har meldt interesse skal det trekkjast lodd
3. Dei som får tildelt tomt får ein frist på 1 år frå tildeling til innlevering av fullstendig byggesøknad.
Byggearbeid på bustadhus skal vere påbyrja innan 2 år frå tildeling.
Dette vert tinglyst på skøytet.
 - a. Kommunedirektøren kan etter søknad forlenge denne fristen dersom det føreligg særlege grunnar.
4. Dersom vilkåra i punkt 3 ikkje vert etterkomne skal kommunen ha tinglyst rett til å kjøpe tomta attende til betalt tomtepris. Saker om tilbakekjøp skal handsamast av formannskapet.
5. Der det er sjøhus/nausttomter skal sal skje til bebuarar i bustadfeltet det tilhøyrrer. Tildeling av sjøhus/nausttomter skal skje etter same reglar som tildeling av bustadtomt.

08.12.2022 KOMMUNESTYRE

Handsaming:

Votering nr 1 - **Votering over forslag**

Forslag: **Formannskapet sitt framlegg til vedtak**

For: 15 stemmer (100%) - AP 2, H 4, SP 7, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-053/22 Vedtak i:

1. Ferdig regulerte tomter og byggefelt skal annonserast på heimesida til Solund kommune, og på andre tenlege måter.
2. Tomter tildeles i den rekkefølgen melding om interesse kjem inn.
 - a. Ved fystegongs utlysning vert det ein periode på 3 veker der alle innkomne interessemeldingar vert vurdert som samstundes motteke.
 - b. Er det fleire som har meldt samstundes interesse for same tomt tildeles tomtane etter fylgjande kriterier:
 - i. Private husbyggjarar vi bli prioritert framfor byggefirma

- ii. Om to eller fleire interessenter av same prioritet har meldt interesse skal det trekkjast lodd
3. Dei som får tildelt tomt får ein frist på 1 år frå tildeling til innlevering av fullstendig byggesøknad.
Byggearbeid på bustadhus skal vere påbyrja innan 2 år frå tildeling.
Dette vert tinglyst på skøytet.
 - a. Kommunedirektøren kan etter søknad forlenge denne fristen dersom det føreligg særlege grunnar.
4. Dersom vilkåra i punkt 3 ikkje vert etterkomne skal kommunen ha tinglyst rett til å kjøpe tomte attende til betalt tomtepris. Saker om tilbakekjøp skal handsamast av formannskapet.
5. Der det er sjøhus/nausttomter skal sal skje til bebuarar i bustadfeltet det tilhøyrer. Tildeling av sjøhus/nausttomter skal skje etter same reglar som tildeling av bustadtomt.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:
[K-sak 075/16 Reglar for tildeling av tomt i kommunale bustadfelt](#)
Kontrollutvalssak 16/22 Kommunedirektøren informerer om salsprosess for kommunale bustadtomter

Kva saka gjeld:
Revidering av reglar for tildeling av tomt i kommunale bustadfelt

Saksutgreiing:

Solund kommune har gjennomgått og revidert prosess for sal av kommunale tomter. Etter fleire år utan særleg aktivitet på salsfronten har det med ferdigstilling av Klubben og tomtane i Storehaugen vert solgt fleire tomter i 2022. Dei nye salsprosessane syner at dei gjelande reglane for tildeling av tomt på nokre punkt er utdatert. I tillegg har det oppstått praksisar som ikkje er heimla i reglementet, mellom anna ein praksis med reservering av tomter. Kommunedirektøren orienterte om salsprosess for kommunale bustadtomter i kontrollutvalsmøtet 30. september, og Solund kontrollutval oppmoda då om at det vert lagt fram sak for kommunestyret om salsprosess for kommunale tomter.

Det er også utarbeida eit flytdiagram som stillar opp saksprosessen.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår å forenkle reglementet slik at ein ikkje skil mellom ulike tomtetyper. Kva som skal byggjast på tomten styrer kommunen som plan og bygningsmynde, og det er ikkje naudsynt å ha ulike tildelingsprinsipp for ulike tomtetyper.

Føresegnet om at byggjefirma berre kan kjøpe 2 tomter er også fjerna. Vidare er reguleringa av korleis kommunen annonserer tomter for sal gjort teknologinøytral. Kommunedirektøren tilrår at saker om tilbakekjøp av tomter der det ikkje vert realisert husvære vert lagt fram for formannskapet.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

